

Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde, 1999 - 2000

Prosjektet vart formelt avslutta frå fylkesbiblioteket si side i november 2000 med konferansen ["Menneske og maktene - ein litteraturkonferanse om møtet mellom lesar og verk"](#).

I bibliotekverda har det lenge vore mykje konsentrasjon kring bibliotek og informasjonsteknologi og skule- / utdanningsbibliotek, og mange har etterlyst meir fokus på **biblioteka som kultur- og verdiformidlarar**.

Mellom anna vart dette etterlyst i høyringsrundane for fylkesdelplanen for bibliotek i Hordaland, både den første planen (1994-97) og planen som gjeld for åra 1998-2001.

I NBFs verkeplan for 1998-2000 er eitt av satsingsområda Bibliotek i kultur- og verdiformidling.

Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland 1998-2001 har tittelen "Biblioteka i Hordaland - Møteplass for verdiar".

Eitt av tiltaka i planen heiter "Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde". Her tenkte ein seg å setje i gang prosjekt der skjønnlitteraturen vert brukt som utgangspunkt og inspirasjonskjelde for å diskutere verdispørsmål. Samarbeidspartar skulle vere kommunar, fylkeskommunen, Norsk forfattersentrum, avd. Vestlandet, Universitetet i Bergen og andre fagmiljø (t.d. studieorganisasjonar og ymse lag og organisasjonar).

Utvikling av prosjektet

Det vart først informert om prosjektet på biblioteksjefmøtet i mai 1999:

Biblioteksjefen i kvar kommune vil få ei sentral pådrivarrolle. I første omgang med å få ut informasjon om prosjektet lokalt, rekruttere folk til å bli med, og få tak i lokale "ressurspersonar" som kan styre prosjektet i kommunen dersom ikkje biblioteksjefen går inn i den rolla sjølv. Dei biblioteka som har lite opningstid, kan kanskje tilby gruppene tilgang til biblioteket utanom opningstida.

I juli vart det sendt ut noko meir informasjon, og oppmoding om å melde seg på prosjektet innan 6. september.

Den 13. oktober møttest representantar frå dei påmelde kommunane i fylkesbygget til ei nærmare orientering om prosjektet. Etter ei forelesing av professor i Nordisk ved Universitetet i Bergen, Idar Stegane om koplinga mellom litteratur og verdiar, presenterte fylkesbiblioteket eit **studieopplegg**, laga i samarbeid med professor Atle Kittang ved Institutt for lingvistik og litteraturvitenskap, Universitetet i Bergen. Etterpå vart det samtalt om studieopplegget og den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Studieopplegget er gruppert i emna: "Kjønnsroller", "Diktatur / demokrati", "Sorg og krise" og "Kultur møte". Kvart emne har eigne litteraturlister

som kan vere til hjelp ved val av litteratur, samt aktuelle problemstillingar for diskusjon i lesegruppene.

Prosjektet er kome godt i gang, og pr. juni 2000 er desse kommunane med: Kvam, Masfjorden, Meland, Odda, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Voss.

Det er stor aktivitet i biblioteka, og fleire har markert seg gjennom spanande og engasjerande reportasjar i lokalpressa. Mellom anna har Hordaland Folkeblad (16.11.99) hatt reportasje om tilbodet i Jondal og Kvam, og Hardanger Folkeblad (08.11.99) har hatt fyldig dekning av prosjektet i Odda og Ullensvang. Vi har no 20 lesesirkklar som er knytte til prosjektet, dei fleste nystarta. Truleg vil fleire kome til om kort tid.

Litteraturforsyning

Ein av intensjonane med prosjektet var å fremje bruken av biblioteket, både litteraturen i biblioteket og "biblioteket som møteplass". Difor har vi utfordra dei einskilde biblioteka i prosjektet til først å engasjere eigne bibliotek, filialar, skulebibliotek og nabokommunar for å få tak i den aktuelle litteraturen. Skulle dette vise seg vanskeleg kan ein ta i bruk fjernlånssystemet. Langsiktig planlegging er uansett viktig, og ein bør tenkje fleire bøker framover. Dersom noko litteratur skulle vise seg å vere bortimot umogleg å få tak i, har fylkesbiblioteket opna opp for å tre støttande til med innkjøp. I prosjektet har vi etter kvart ein del litteratur tilgjengeleg frå det som har vorte kjøpt inn til litteraturgruppene. Dette er bøker som vil bli distribuerte til andre interesserte litteraturgrupper: Sjå oversikt over litteratur innkjøpt til prosjektet lenger ned.

Forfattarbesøk

Det er tenkt at litteraturgruppene i løpet av prosjektet skal få besøk av ein forfattar. Vi har vore i kontakt med Frank Nes i Norsk Forfattarsentrum, Vestlandet. Han vil supplere dei ulike temalistene med namn på forfattarar som kan vere aktuelle til forfattarbesøk.

Litteraturkonferanse

I tillegg til møta i lesesirklane er det planlagt ein litteraturkonferansen der alle litteraturgruppene får tilbod om å delta. Opphavleg var den tenkt å finne stad på vårparten i 2001, men no har den blitt framskunda til byrjinga av november 2000, då vi planlegg eit samarbeid med Forfattarsleppet og Litteraturdagane i Bergen 1.-12. november.

Prosjektleiing

Prosjektleiingar:

Oddgeir Synnes og **Eli Lothe**

STUDIEOPPLEGG FOR SKJØNNLITTERATUR

Nedanfor finn du studieopplegget som er utarbeidd til "Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde".

Innhaldsmessig har vi ordna det slik at etter ei generell innleiing, presenterer vi ein mogleg framgangsmåte under tittelen "Det konkrete opplegget". Dinest følgjer litteraturlister og problemstillingar til dei fire emna "Kjønnsroller", "Diktatur/demokrati", "Kultur møte" og "Sorg og krise".

INNLEIING

Skjønnlitteratur kan lesast på mange ulike måtar, og inneheld mange ulike lag. Som sjølve omgrepet tekst viser til: Ein vevnad av mange ulike tråder. Ein kan lese litteratur som underhaldning, der ein, i større eller mindre grad, er oppteken av den ytre handlinga, ein har ei attrå etter å få vite korleis det går med hovudpersonen, kva som skjer på siste side. Ein kan òg i skjønnlitteraturen søkje finne forfattaren sine intensjonar bak verket, og lese livet og samtida til forfattaren inn i verket, slik den historiskbiografiske litteraturforskinga har gjort. Dette er den innfallsvinkelen dei fleste av oss er vande med frå litteraturundervisninga i skulen, gjerne supplert med litt enkel gjennomgang av verkemidlar som støttar opp under forfatarintensjonen. Men ulike teoretiske retningar som t.d. nykritikk, strukturalisme, resepsjonsteori og dekonstruksjonisme har underminert forfatarautonomien i litteraturen. Ikkje at ein skal ta forfattaren sin død altfor bokstavleg, men å sjå litteratur som endeleg definert frå forfatarståden er vorte problematisk.

Eit særmerke med god litteratur er at den kan gjere noko med deg som menneske, den kan opne opp for nye erkjenningar. Hermeneutikken viser til den auka i innsikt horisontsamansmeltinga mellom lesar og litterært verk skapar. Nettopp kva litteraturen har å seie til deg som lesar, og kva du som lesar har å bidra med i lesnaden av eit litterært verk, er noko av det mest spennande med litteraturen, og det er dette som er bakgrunnen for det prosjektet som vi no ønskjer å gå i gang med, "Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde". Vi ønskjer at studiegruppene skal verte eit forum der ulike lesarar og litterære verk spelar ut sine haldningar eller som hermeneutikken ville sagt, fordommar, slik at desse i møtet kan skape ei horisontsamansmelting der nye innsikter kan verte skapte.

Tidsanden er igjen fylt av etiske spørsmål. Verdier er "in" (jamfør t.d. Verdikommisjonen), Gud er atter aktuell i litteraturen, og problemstillinga om det gode liv har vorte eige fjernsynsprogram, og eit sjølv sagt spørsmål i intervju med rikssynsarar og livsfilosofar. Dette prosjektet er ikkje eit desperat forsøk på å vere tidsmessig korrekt, snarare er det ei overtyding om at ein gjennom skjønnlitteraturen kan finne alternative innfallsvinklar til eksistensielle spørsmål. God litteratur kan provosere etablerte sanningar, og setje ord på "det usagte", opne opp for nye tankeprosessar. Litteraturen kan vise trekk ved vår eiga tid vi ikkje er medvitne om, og den kan kontrastere samtida opp mot tidlegare tenkjemåtar og samfunn i møte med tidlegare litteratur.

-

DET KONKRETE OPPLEGGET:

Gruppene består av om lag fem til ti personar. Det er viktig at gruppene ikkje er for store slik at alle deltakarar får kome til. Kvar gruppe skal møtast om lag 10 gonger i prosjektperioden (november 1999 - mars 2001). Det kan difor høve å møtast kvar sjette veke.

Møta vil finne stad på dei respektive biblioteka i Hordaland.

Materiell: Hordaland fylkesbibliotek har utarbeida eit lausleg studieopplegg som er ordna i fire emne der kvart emne har eigne litteraturlister som kan vere til hjelp ved val av litteratur.

I tillegg har vi nytta heftet "Det verdifulle". Dette er eit hefte som er gitt ut av Verdikommisjonen og er meint å vere eit bidrag i ein open verdidebatt gjennom ulike problemstillingar. Dei fleste av desse (alle?) problemstillingane kan nyttast ved ein diskusjon av ulike typar litteratur.

-

Framgangsmåte for samlingane:

Det følgjande opplegget vil vere svært ope og generelt. Vi har ikkje ønskt å leggje altfor sterk føring på gruppene. Det skisserte forslaget er berre meint å vere rettleiande og vil bruke emnet "Kjønnsroller" som døme. Likevel vil dei mange av momenta kunne nyttast under alle emna.

Det første møtet:

Det bør brukast ein del tid på det første møtet til å verte kjende med kvarandre, ein tar ei runde rundt bordet slik at alle får presentere seg (det kan vere ein fordel at ein gjer det til ei fast rutine for kvart møte at alle får kome med kommentarar til verket ein har lese heime før ein opnar opp for diskusjon).

Det kan vere interessant å høyre kva forhold dei ulike medlemmene av gruppa har til litteratur. Relevante spørsmål: Kva meiner du om skjønnlitteratur?, kvifor les du/ kva ønskjer du at litteraturen skal gi deg?, i kva grad meiner du ein kan lære noko av skjønnlitteratur?, kva bøker likar du å lese, og kvifor?, kva ventar du deg av desse møta?,

I fellesskap bør ein drøfte kva ein vil med desse samankomstane og kva innfallsvinkel ein ønskjer å bruke. Skal ein konsentrere seg om ein epoke?, eitt tema, fleire tema, ein forfattarskap? Emnene kan vere til hjelp, men kan gjerne supplerast med andre verk og andre problemstillingar.

I løpet av det første møtet må ein kome fram til kva verk ein skal arbeide med til neste møte. Den første boka er den viktigaste. Det er no interessa skal verte vekt, og boka bør difor vere

nokolunde overkomeleg, og den bør kunne fungere som innfallsport til resten av temaet. Den bør kunne opne opp for diskusjonar kring verdispørsmål så vel som litterære diskusjonar, og ikkje minst bør den vere god. *Amtmandens Døttre* er ei god bok med tanke på kjønnsroller i tidlegare litteratur, men kan kanskje vere litt tung å ta fatt på som førstebok. *Et dukkehjem* eller ein av ekteskapsromanane til Amalie Skram vil nok vere lettare som førstebok. *Et dukkehjem* tar også opp spørsmål som framleis er like aktuelle, noko som viser seg ved at den stadig vert spelt (vert no spelt ved Nationaltheatret) og at temaet den tar opp vert tatt opp att i samtidige romanar (sjå t.d. Elin Brodins *Unaturlig* som kom ut i år, og Liv Køltzows *Løp mann*)

Det andre møtet:

I heimelekse til dette møtet skal ein ha lese det avtalte verket, og merka seg ulike ting ved dette. Moment å ha tenkt over til møtet, kan vere: Kva meiner du er temaet i romanen/skodespelet?, Har verket ein budskap, og er du eventuelt einig i denne?, Finn du nokon samanheng mellom form og innhald i boka? Korleis er hovudpersonane i boka?, kven sympatiserer du mest/minst med? Med utgangspunkt i desse spørsmåla bør ein kunne få spennande samtalar kring ulike tolkingar av boka, men vonleg også diskusjonar kring kvifor ein er einig eller ueinig med budskapen i boka.

Ein bør vidare kome inn på eventuelle skilnader på normer og verdiar mellom romanuniverset og det notidige samfunnet. Kva har endra seg? Har det endra seg til det betre? Trur du at du ville hatt dei same haldningane som du har, om du hadde levd på den tida romanen vart skriven? Er våre notidige haldningar om kjønnsroller naturgjevne og dei "rette"? Kvifor har du dei haldningane du har?

I tillegg til diskusjonane kring verdiar bør det også opnast opp for spørsmål og samtalar kring litteratur generelt. Ein bør få i oppgåve i heimelekse å leite etter passasjer i boka ein likte spesielt godt, eller som ein kanskje tykte var mindre gode. Det kan opne opp for interessante samtalar om kvifor dette var bra, kva er det som gjer litteratur god? Finst det gitte normer for dette? I ein roman eller eit skodespel er det oftast (alltid) moment ein ikkje skjønner like godt. Var det noko du ikkje skjønnte då du las boka?

Desse spørsmåla og problemstillingane som her er samla under det andre møtet vil vere naturlege å arbeide med også i møte med seinare litteratur.

-

Det tredje møtet:

Til det tredje møtet har ein lese eit nytt verk, og ein kan dermed samtale om dette verket gjennom mange av dei same problemstillingane som under møte nummer to, samstundes som ein kan sjå dei to verka i lys av kvarandre. Formidlar bøkene ulike verdiar?, representerer dei ulike samfunn?, kva tidsepokar er dei skrivne i?, samsvarar forfattaren si samtid med romanuniverset? Etter kvart møte vil perspektivet verte utvida, og ein kan ytterlegare samanlikne ulike aspekt ved ulike typar litteratur. Kan ein sjå ei utvikling i visse typar normer eller verdiar, frå det tidlegaste verket til det mest samtidige. Eksempel frå emnet om kjønnsroller kan vere: Kva verdiar forkynner Ibsen og Skram samanlikna med seinare

forfattarar som Nini Roll Anker, Cora Sandel, Liv Køltzow og Bjørg Vik?, eller tidlegare forfattarar som Camilla Collett. Og korleis skildrar islendingesogene kjønnsrollene?

Ein kan i tillegg kontrastere dette opp mot utanlandske verk av forfattarar som Emily Brönte, D.H. Lawrence, Virginia Wolf, Simone de Beauvoir, Fay Weldon, m.fl. Det er ei overvekt av kvinnelege forfattarar i dette utvalet, er dette tilfeldig? Er emnet kjønn og kjønnsroller først og fremst noko kvinner er opptekne av? Har dette endra seg? (jamfør nyare bøker der mannelege forfattarar i større grad er opptekne av det mannelege, ikkje som noko uforanderleg, men noko som vert definert i høve det kvinnelege, sjå t.d. bøker av Knut Faldbakken og *Matriarkat* av Tore Renberg. Og korleis er kjønnsrollene definerte hjå typisk "mannelege" forfattarar som Ernest Hemingway, Knut Hamsun og Jon Michelet.

I løpet av den siste tida har ein fått ein ny kjønnsdebatt. Særleg blest har det stått om den svenske *Fittstim*-antologien, og den norske versjonen *Råtekst*. Skil denne litteraturen seg frå annan litteratur som er opptatt med kjønnsroller?

Kva med mannsrolla? Det har vore mykje snakk om krisa i mannsrolla. Dette har m.a resultert i bøkene *Gyldendals Gode Gutteguide* av Finn Bjelke Yan Friis og *Slik er menn* av Tor Milde og Einar Røhnebæk. Er det ei krise i mannsrolla i dag? Har finn Bjelke rett når han hevdar at "Det er jo kvinnene som har makta. Vi herrer er blitt den tause minoritet" og vidare er Bjelke lei av kvinnenens evinnelege mas om at menn må bli vaksne "Hvorfor må vi bli voksne?" Ein skjønnlitterær parallell til dette spørsmålet er Nick Hornbys *Gutter er gutter*. Kva meiner du? Kjenner du deg som mann/kvinne att i skildringane frå den pågåande debatten?

-

Dei resterande møta:

Vi ser ikkje den store verdien av å lage eit endeleg kursopplegg der alle møta er fastlagde. Dette er berre meint å vere rettleiande og ein mogleg inspirasjon til det vidare arbeidet. Gruppene har heilt sikkert eigne spørsmål og interesser som vil gi andre innfallsvinklar alt etter kva tema og litteratur ein vel.

-

Kjønnsroller:

Aktuell litteratur:

- Njålssagaen
- Camilla Collett: *Amtmannens døtre* (1855)
- Henrik Ibsen: *Et dukkehjem* (1879)
- Amalie Skram: *Forrådt* (1892)
- Knut Hamsun: *Pan* (1894)

- Nini Roll Anker: *Det svake kjønn* (1915)
- Cora Sandel: *Alberte og Jacob* (1926)
- Ernest Hemingway: *Og solen går sin gang* (1929), *Samlede noveller* (1952)
- Torborg Nedreås: *Av måneskinn gror det ingenting* (1947)
- Virginia Woolf: *Et eget rom* (1959)
- Simon de Beauvoir: *Det annet kjønn* (på norsk 1970)
- Bjørg Vik: *Fortellinger om frihet* (1975),
- Knut Faldbakken: *Adams dagbok* (1978),
- Marilyn French: *Kvinner* (1978), *Krigen mot kvinnene* (1992 debattbok)
- Gerd Brantenberg: *Egalias døtre* (1977)
- Liv Køltzow: *Løp, mann* (1980)
- Kjell Halbing: *Morgan Kane-bøkene*.
- Margit Sandemo
- Jon Michelet: *Terra Roxa* (1982)
- Fay Weldon: *En hundjevens bekjennelser* (1988)
- Nick Hornby: *Gutter er gutter* (1998)
- Erlend Loe: *Tatt av kvinnen* (1993)
- Robert Bly: *Mannen* (1992)
- Tore Renberg: *Matriarkat* (1996)
- Erling Kagge: *Dikt for gutta* (1998)
- Elin Brodin: *Unaturlig* (1999)
- Belinda Olsson, Jonna Bergh, Linda Norrman Skugge: *Fittstim* (1999)
- Ari Behn: *Trist som faen* (1999)
- Finn Bjelke og Yan Friis: *Gyldendals Gode Gutteguide* (1999)

- Tor Milde og Einar Rønnebak: *Slik er menn* (1999)
- Helle Vaagland og Hilde Solheim: *Råtekst - overlevelsesbok* (1999).
- Cathrine Sandnes m.fl.: *Matriark* (1999)

I det følgende vil vi skissere andre aktuelle emne med nokre aktuelle problemstillinger. Vonleg vil desse vere til inspirasjon og hjelp når studiegruppene skal velje tema og litteratur.

Diktatur/demokrati:

Aktuell litteratur:

- *Soga om Gisle Sursson.*
- Henrik Ibsen: *Brand* (1866)
- Aldous Huxley: *Vidunderlige nye verden* (1932)
- Sigurd Hoel: *Møte ved milepælen* (1947).
- Tarjei Vesaas: *Huset i mørkret* (1945)
- Albert Camus: *Pesten* (1947)
- Erich Maria Remarque: *Intet nytt fra vestfronten* (1955)
- George Orwell: *1984* (1949)
- Väinö Linna: *Ukjent soldat* (1954)
- Rolf Jacobsen: *Hemmelig liv* (1954)
- Alistair McLean: *Kanonene på Navarone* (1958)
- Aleksander Solsjenitsyn: *En dag i Ivan Denisovitsjs liv* (1962)
- Jean-Paul Sartre: *Kvalmen* (1964 på norsk)
- Axel Jensen: *Epp* (1965)
- Jens Bjørneboe: *Bestialitetens historie (Frihetens øyeblikk -1966, Kruttårnet -1969, Stillheten -1973)*

Haiene (1974)

- Kjell Askildsen: *Kulisser* (1966)
- Julia Alvarez, dominik. -am: *I sommerfuglenes tid* (1995).
- Gabriel García Marquez, colomb.: *Patriarkens høst* (1983).
- Isabel Allende: *Ånden hus* (1984)
- Dag Solstad: *Forsøk på å beskrive det ugjennomtrengelige* (1984)
- Tor Åge Bringsværd: *Gobi-trilogien* (1985-87)
- Rachid Mimouni, alg.: *Maktens byrde* (1994).
- Finn Skårderud: *Uro* (1998)
- Lars Fr. H. Svendsen: *Kjedsomhetens filosofi* (1998).
- Arne Einar Brun, Haakon B. Schrøder: *Mur* (1999)
- William Gibson: *Nevromantiker* (1999- norsk utgåve)
- Sven Kærup Bjørneboe: *De siste spørsmål* -essay (1999)

-

Aktuelle problemstillinger:

Temaet diktatur/demokrati ønskes å setje søkjelys på eksistensielle spørsmål som får innverknad på samfunnet.

Sentrale spørsmål i møte med ulike litteratur kan vere:

Kva er eit diktatur?, kva er eit demokrati?, lever vi i eit demokrati?, er vi frie menneske?, korleis kan vi seie det?

Kva samfunn vert synt fram gjennom dei ulike bøkene?

Kva kjenneteiknar det samfunnet ein finn i islendingesogene? Korleis vert dette framstilt?

Er vårt moderne samfunn i ferd med å verte eit diktatur? Sjå til dømes George Orwells framtidvisjon *1984*. Korleis er det samfunnet Dag Solstad skildrar i *Forsøk på å beskrive det ugjennomtrengelige*? Aldous Huxleys *Brave New World* skildrar eit samfunn der teknologien har eliminert alle problemer og konflikter og kor moralske spørsmål er dermed er blitt overflødige. Seier dette noko om vår vestlege kultur? Korleis les du boka?

Sentralt når ein diskuterer diktatur er "det ondes problem". Eksisterer det eit definert skilje mellom det vonde og det gode? Sentrale bøker her kan vere *Huset i mørkret*, *Kimen*, *Pesten*, *Bestialitetens historie*, *Gobi-trilogien*.

Spørsmålet om skuld. Er vi ansvarlege for våre val? Kor mykje er resultat av egne val. Har vi fridom over egne val? (sjå t.d. Sartres *Kvalmen*, Askildsens *Kulisser*).

Kulturmøte:

Aktuell litteratur:

- Henrik Wergeland: *Jøden* (1842)
- Arne Garborg: *Bondestudentar* (1883)
- Johan Borgen: *Lillelord* (1955)
- N. Scott Momaday: *Et hus av demring* (1975)
- Nadine Gordimer: *Julis folk* (1982)
- Khalid Hussain: *Pakkis* (1986)
- Ailo Gaup: *Trommereisen* (1988), *Natten mellom dagene* (1992)
- Mari Osmundsen: *Gutten som slo tida ihjel* (1992)
- Amy Tan: *Lykke og glede* (1992)
- Amin Maalouf: *Leo Afrikaneren* (1993)
- Hanif Kureishi: *Bydels-Buddha* (1994)
- Torgrim eggen: *Hilal* (1995)
- Salman Rushdie: *Maurerens siste sukk* (1995)
- Britt Karin Larsen: *De som ser etter tegn* (1997), *De usynliges by* (1998), *Sangen om løpende hester* (1999)
- Elisabeth Eide: *Der mørket leker med tiden* (1998)
- Maryam Azimi og Inger Elisabeth Hansen: *Det brente hjertet - dikt* (1999)
- Thomas Hylland Eriksen: *Siste dagers heldige* (1999)

- Abdulrazak Gurnah: *Taushetens øy* (1999)
- Arne Martin Klausen: *Et liv i kulturkollisjon* - sjølvbiografi (1999)

Aktuelle problemstillinger:

Kulturmøte kan vere så mykje. Det kan vere møte mellom ulike kulturar i eige land, eller nordmenn sine møte med for oss eksotiske kulturar.

I boka *Hilal* av Torgrim Eggen møter vi m.a. pakistanske innvandrarar. Eggen seier sjølv at boka ikkje er skriven for å kaste lys over noko som helst. Likevel, endra du syn på innvandrarar undervegs? Kva syn har du? Lærte du noko nytt?

Der mørket leker med tiden av Elisabeth Eide handler om asylsøkjjarar. Kva inntrykk gav møtet med disse menneska sin lagnad?

Bondestudentar av Arne Garborg skildrar m.a. møtet mellom by og land i det førre hundreåret. Finn du parallellar til dagens samfunn, med andre folkegrupper?

-

Sorg og krise:

Aktuell litteratur:

- Thomas Kingo: *Som den gyldne sol frembryder* (Bokklubben 1974)
- Bjørnstjerne Bjørnson: *Faderen*
- Thomas Mann: *Døden i Venedig*
- Albert Camus: *Pesten* (1947)
- Torborg Nedreås: *Av måneskinn gror det ingenting* (1947)
- Knut Hamsun: *På gjengrodde stier* (1949)
- Erling Christie: *Døden er ingen avskjed* - dikt (1960)
- Tarjei Vesaas: *Is-slottet* (1963)
- Paal-Helge Haugen: *Anne* (1968)
- Simone de Beauvoir: *En lett og rolig død*

- Gøran Tunstrøm: *Juleoratoriet* (1984)
- Rolf Jacobsen: *Nattåpent* - dikt (1985)
- Kolbein Falkeid: *En annen sol* - dikt (1989)
- Tor Obrestad: *Seks netter, seks dagar* (1989)
- Dea Trier Mørch: *Aftenstjernen* (1991)
- Linn Stokke: *Tanker fra en sorg* (1991)
- Isabel Allende: *Paula* (1995)
- Françoise Sagan: *En forbigående sorg* (1995)

-

Aktuelle problemstillinger:

På kva måte kan eit litterært verk formidle tankar kring sorg som gjer det allment?

Les både ei diktsamling og ein roman, t.d. *Nattåpent* og *Anne*. Her er det språklege uttrykket svært forskjellig. På kva måte skil tekstane seg frå kvarandre? Kven er det som talar i teksten?

I *Anne* finn ein eit stort innslag av religiøse tekstar. Kva har dette å seie for opplevinga og forståinga av boka?

Les Gøran Tunstrøms *Juleoratoriet*. Korleis samsvarar oppbygginga av romanen med innhaldet? Er dette ein realistisk eller ein fantastisk roman? Kva er temaet i boka?

Samanlikn *Paula* av Isabel Allende og *En annen sol* av Kolbein Falkeid. Finn du likskapar?

Litteratur som er innkjøpt til prosjektet

Her er ei oversikt over kva litteratur som er kjøpt inn til prosjektet, og kva for bibliotek som disponerer dei nett no. Bøkene er til utlån til lesesirklane. Ta kontakt med det aktuelle bibliotek for utlån.

Albert Camus: *Pesten*, 3 stk.

fylkesbiblioteket (3)

Amy Tan: *Lykke og glede*, 4 stk.

Vaksdal (1), Kvam (1), fylkesbiblioteket

Vaksdal (1), fylkesbiblioteket (2)

Erlend Loe: <i>Tatt av kvinnen</i> , 3 stk.	Odda (1), fylkesbiblioteket (2)
Ari Behn: <i>Trist som faen</i> , 3 stk.	Kvam
Belinda Olsson m.fl.: <i>Fittstim</i> , 8 stk.	Odda (5), Ullensvang (1)
Frode Grytten: <i>Bikubesong</i> , 6 stk.	Kvam (2), Ulvik (2)
Nick Hornby: <i>Gutter er gutter</i> , 4 stk.	Kvam
Marilyn French: <i>Krigen mot kvinnene</i> , 2 stk.	Kvam
Abdulrazak Gurnah: <i>Taushetens øy</i> , 1 stk.	Kvam (1), Ulvik (2)
Virginia Woolf: <i>Et eget rom</i> , 3 stk.	Jondal
Arne Einar Brun: <i>Mur</i> , 1 stk.	Jondal
Tor Milde/Einar Røhnebak: <i>Slik er menn</i> , 1 stk.	fylkesbiblioteket
Thomas Hylland Eriksen: <i>Siste dagers heldige</i> , 2 stk.	Jondal
Finn Bjelke og Yan Friis: <i>Gyldendals gode gutteguide</i> , 1 stk.	Jondal (1), Ulvik (1)
Hilde Solheim m.fl.: <i>Råtekst</i> , 2 stk.	Jondal
Erling Kagge: <i>Dikt for gutta</i> , 1 stk.	Jondal
Sven Kjærup Bjørneboe: <i>De siste spørsmål</i> , 1 stk.	fylkesbiblioteket (2), Jondal (1)
William Gibson: <i>Nevromantiker</i> , 3 stk.	Ulvik
Isabel Allende: <i>Paula</i> , 2 stk.	Ulvik
Åndenes hus, 2 stk.	Ulvik
Johan Borgen: <i>Lillelord</i> , 2 stk.	Ulvik
Arne Garborg: <i>Bondestudentar</i> , 3 stk.	Ulvik
Camilla Collett: <i>Amtmannens døtre</i> , 2 stk.	Ulvik
Simone de Beauvoir: <i>En lett og rolig død</i> , 2 stk.	fylkesbiblioteket
Bergljot Hobek Haff: <i>Skammen</i> , 9 stk.	fylkesbiblioteket
Dag Solstad: <i>T. Singer</i> , 6 stk.	Ullensvang
	Ullensvang

Paulo Coelho: <i>Veronika vil dø</i> , 1 stk.	Ullensvang
Jan Magnus: <i>Veien til Karlsvogna</i> , 1 stk.	Ullensvang
Britt Karin Larsen: <i>Sangen om løpende hester</i> , 1 stk.	Ullensvang
Jostein Gaarder: <i>Maya</i> , 1 stk.	fylkesbiblioteket
Roy Jacobsen: <i>Grenser</i> , 1 stk.	fylkesbiblioteket
Kjell Askildsen: <i>Samlede noveller</i> , 1 stk.	fylkesbibl. (6), Vaksdal (1)
<i>Soga om Gisle Sursson</i> , 2 stk.	fylkesbibl. (5), Vaksdal (2)
Torborg Nedreås: <i>Av måneskinn gror det ingenting</i> , 7 stk.	
Elin Brodin: <i>Unaturlig</i> , 7 stk.	

Forfatterbesøk

I byrjinga av oktober 2000 fekk kommunane som var med i prosjektet besøk av ein forfattar. I samband med Norsk Forfattersentrum Vestlandet reiste Frode Grytten, Ingri Lønnebotn og Gunnar Staalesen ut til lesesirklane.

Oppsettet for besøka såg slik ut:

Frode Grytten	Ulvik: onsdag 4. oktober klokka 18-20 Voss: torsdag 5. oktober klokka 18-20 Meland: tysdag 10. oktober klokka 19-21
Ingri Lønnebotn	Masfjorden: torsdag 12. oktober klokka 18-20
Gunnar Staalesen	Odda og Ullensvang: onsdag 25. oktober klokka 19-21 Kvam: torsdag 26. oktober klokka 19-21

Menneske og maktene

Ein litteraturkonferanse om møtet mellom lesar og verk

Det Akademiske Kvarter laurdag 4. november 2000

Med foredrag av Kjartan Fløgstad og Arild Linneberg, opplesingar av ulike forfattarar, tematisering av møtet mellom litteratur og lesar m.m.

I tilknytning til prosjektet "[Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde](#)" vil **Hordaland fylkesbibliotek** i samarbeid med **Statens bibliotektilsyn** arrangere ein litteraturkonferanse kor alle deltakarane i prosjektet/lesegruppene får tilbod om å delta. Konferansen har fått namnet "Menneske og maktene" med undertittelen "Ein litteraturkonferanse om møtet mellom lesar og verk". Tittelen på konferansen viser til samspelet mellom lesar og litteratur. Det sentrale i prosjektet og i lesesirklane har nettopp vore korleis egne preferansar og haldningar kan verte utfordra og utvikla i møtet med litteratur.

Konferansen vil finne stad **laurdag 4. november 2000 på Det Akademiske Kvarter i Bergen**. Med foredrag av **Kjartan Fløgstad** og **professor Arild Linneberg** teiknar dette til å verte nokre spanande timar. I tillegg samarbeider vi med Norsk Forfattersentrum, Vestlandet om opplesingar av ulike forfattarar. Det vil også bli arrangert mindre symposium der dei ulike lesesirklane kan møtast for å diskutere erfaringar og synspunkt frå eiga lesing. Tidspunktet for konferansen fell midt i Forfattersleppet / Litteraturfestivalen i Bergen 1.-12. november, og det vil difor skje mykje spanande på det litterære området i Bergen i dette tidspunktet. Slik sett kan det vere verdt å merke seg eventuelle andre arrangement ein kan tenkje seg å vere med på. Sjekk t.d. ut bibliotekkonferansen "[Opp og fram eller over og ut? - bibliotek i et endret samfunn](#)" 2.-3. november.

Litteraturkonferansen er meint å vere eit tilbod for deltakarar i prosjektet, men vil og vere open for andre litteraturinteresserte. Konferansen er gratis.

For nærmare informasjon ta kontakt med
[Oddgeir Synnes](#),